

BKK NETT AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Dato	27.05.2022
Vår referanse	2022/46378-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Tone Bøyum
E-post	Tone.Boyum@vlfk.no
Telefon	47781807

Att.Sondre Reigstad

Svar - Dispensasjon fra byggegrense - Fv. 5466 Fjellangersvingane- Gnr. 103 bnr. 47 - ny bygning - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad mottatt 05.05.2022.

BKK søker om dispensasjon frå byggegrense for å oppføre ny nettstasjon ved Vågseidet i Alver kommune. Eigedomen er omfatta av Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, og er avsett til *Landbruk-, natur- og friluftsføremål*.




Fig: Utdrag av KDP Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (t.v) og situasjonskart som viser plassering av tiltak.

I samband med at kommunen skal auke pumpekapasiteten på Vågseidet er det er behov for å oppføre fleire tiltak langs fv. 5466 Fjellangersvingane, og det er søkt om dispensasjon etter veglova.

Til KDP er det føresegner som regulerer forholdet til byggegrense langs veg jf. § 1.4:

Byggegrensa mot Fv. 57 er 50 m frå vegmidte. Mot dei andre fylkesvegane i kommunen er byggegrensa 15 m frå vegmidte.

Dette inneber at det er Alver kommune som skal handsame søknad om dispensasjon frå byggegrense langs veg, både langs fv. 5466 Fjellangersvingane og fv. 57 Lindåsvegen.

Det er søkt om ny nettstasjon, og det er opplyst at denne er søkt oppført 23 m frå vegmidte frå fv. 5466. Etter ei samla vurdering har vi ikkje merknad til dette, med bakgrunn i dei opplysningane som er gitt i søknaden.

Vi viser samstundes til vårt svar på nabovarsel, der vi minner om at det skal sendast inn søknad om graveløyve for alle tiltak som kjem nærare enn 3 meter frå vegkant. Dette gjeld også tiltak under veg, til dømes trekking av leidningar / kablar i eksisterande røyr. Vi vurderer også at andre tiltak enn nettstasjonen vil vere søknadspliktig, under dette nytt stolpeskap.

Vi ber om å få saka tilsendt på høyring frå Alver kommune, eventuelt få tilsendt kommunen sitt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Tone Bøyum
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4